

Verdal Historielag

Postboks 148, 7651 Verdal



Sverre Vestvik - eit bygdegeni

Av Helge Dillan
(Henta frå Arbok 1984)

Når vi nemner namnet, kjem det straks eit anna namn i minnet: *Soria-Moria-parken*. Under krigen var Sverre i Sverige og opplevde folkeparkane der. Og da han kom heim, tok han til å realisere ideen om ein park i Verdal.

Henrik Wergeland skriv i «Til en gran»:
«Tungsindig sidder på sit Fjeld
en ubrugt Helt, en Wilhelm Tell,
en Byron tidt, en Platons Sjæl
i Folkets Sværm forgår.»

Ja, mange rike evner har gått tapt i bygdene våre, for di dei ikkje fekk armslag eller luft under vengene. Vi tenkjer på *kunst*: musikk, treskjering, malarkunst i billete og dekorasjon o.s.v. Visst er det laga mange fine ting av såkalla amatørar. Varige kunstverk. Men kor langt kunne ikkje mange ha nådd, dersom dei hadde fått utdanning.

Organisten Magne Elvestrand sa ein gong vi samtala om folketonane: «Vi kan uten videre gå ut fra at de har sitt utspring i rike kunstnerevner.»

Tilbake til Sverre: Han åtte eit småbruk ute på Fætten. Flatt som ei pannekake og vel skikka til jordbruk. Men det var ikkje *småbrukaren* som stod i hovudet hans, men kunstnaren. Og da måtte han ha eit anna lende, terreng. Skog og knausar og vatn inn i mellom. Og så måtte han *skapa* det. Men korleis? Dette var straks etter krigen, og det var smått med pengar på småbruket.

I førstninga etter han kom heim fra Sverige og hadde i minnet dei fine parkane der, prøvde han å få i gang, så å seie, eit lottlag som skulle byggje og drive parken. Men det synt seg å vera uråd. Det var ein hake ved Vestvik: politisk var han *kommunist*. Og sjøl om han hadde lagt politikken «på hylla» og var meint å ofre seg heilt for parken, så hjelpte det ikkje. *Så smalspora kan jamvel verdalinga vårrå.*

Her kjem ein samtale med Sverre Vestvik om parken: «Ja, i dag hi vi 'n Sverre Vestvik hen, og som de' vil vårrå kjent ferr mang, så styre'n Soria Moria-parken i Værdala. De e'n kulturpark som'n hi fanga ide'n te sjøl, og som han faktisk hi bøgd opp tå dette markjen. De e næsten med de som

de står i Pontoppidans forklaring:

«Hva er det å skape? Jå, svårrå'n Pontoppidan sjøl: «Det er å gjøre noget av intet, eller av en ubekvem materie»

«Nu, Vestvik, fertæl du os litegrand om ideen te den parken.»

- Ja, ideen va nu egentle det at når æ va i Sværri under krigen, så la æ merke te kerr langt dæm ha kommi der med de denn såkalt Folkeparkan sin. De va fine kultursentra, både i småbya og i stør bya, ut over landsbøgda, der dæm verkele ha fått sommårfernyelseslive under kultur. Der va e senearransjemang og allsidig program, og fösst og fremst så va e *vak-kert*, innramma med plantinga og blomster og sånt noko, og de va stil over de heile. Og sjølsakt dans og, moro og ferskjelli slags underholdning. Og den ideen med folkepark låg ti mæ når æ kom heim frå Sværri, der du veit va non år som fløktning. Og æ meint at i Værdala va e apselutt behov ferr enn son park. Men de va ijtt å lett, tanken va nu ny, å få nån to å gå in ferr de denni. De va i økonomisk løft. De mått vårrå areal åt di som va passele ifrå naturen si si, me litte skog og litte innramming. Men de va vanskele å finn de og finn de og nån som villa gå in ferre e. Og resultatata vart at æ gikk rank på småbruki min.

(Før vi går viar, vil eg skjöt in at som Vestvik hi fertæld mæ før, så ha'n ijtt eingong ein skikkele spaddi. Men som det står i ei gammel kokbok: «*Man tager det man haver.*» Her må eg minnas det som jordbrukskonsulent Gjelsvik sa på ein fest til inntekt for bureising i trettiåra: «Eg har ikkje så stor tru på dei som plent må ha førsteklasses verkty for å få til noko.»)

- - - «Men de va da flatt som i pajnnkak der.»

«Ja, *der* va e flatt som i pajnnkak, ja. Og ingen skog, bærre dørkajord. Ja, enn par meling me utmark, men den mått vårrå ferr at vi skull ha hemningsrett. Men de va litte tå i løft å få te park tå dørkajord. Men æ va heldig som fekk lov te å ta tre og buska uti utmarkjen, og der va e enkelte plassa med så fin jordsmon att æ fekk me'n bra jordklomp, så æ greidd å plant tre som ingen ha villa trudd skjull gå an å plant så stor, f. eks. ei furru som va enn fire-fem m. høg og einbuska som va enn to-tri m. høg, og tjinnved. Men den va dæm reidd mang, ferr han e så fæl te å spre sæ attmed Verdalselven. Nærmest som urskog mesta, og mang messtrøsta mæ nu me di, at han villa to overhand reint. Men han hi da hylli sæ bra på «matten» og vart da pen. Sålles fekk vi da ferdig fösst avsnette tå parken fösst såmmarn, eit par meling sålles at de vart nu enn liten park. De va nu ijtt så my han innhojll, enn en liten kafé. Men vi bynt da å få te nån te-stellinga med allsong og hyggeleg samvær.

Og sea hi e gått slag i slag. I 58 la vi te litte meir, og i 59 bøgde vi de henn scenen, og så la vi in de areala som va vestaferr husom. Og i 60 kom

vi så ner innåt husom, at vi mått to avgjer om vi skjull fortsatt me å ha nå husdyr og driv jordbruk, eller om vi skjull gå over og legg om de heile te park.

Og de va litte tå ein snunad. Og te slut så vart e da så vi kasta oss uti di med å bygg om fjøse te kafé, som du veit, og det e der vi hi kafeen vorres nu da. Det mått da vårrå i 60 vi gikk i gang med å bygg i lite slott. Og om i par år fann eg ut at vi mått ha i namn på di, i symbol eller i ramm' omkring e. Æ hi bestandi verri interessert i folkeeventyr, dem hi tiltalt meg. Ei uutømmeleg kjelde te inspirasjon i folkeeventyrom, på mang måta. Og så fann eg ut at vi ska bygg parken som ein eventyrpark, og så bygge vi opp eit slott midt inni og kalle det heile Soria Moria, eit drømmeslott som ligg og lyse og lokke på fantasien. Og dermed fekk parken namnet *Soria Moria*.

Og sa forma eg ut statutta ferr parken og grunnlaget ferr drifta.

«Og de statuttan da, kajnn du nemn litte om dæm? »

«Æ hi dæm ijtt liggan framfer mæ. men æ kjem i haug dæm nå på leia, sjølsagt. De e de at parken ska vårrå enn kulturpark der både born og ungdom og eldre ska hygg sæ i vakker og stemningsfull omgivelsa.

De e tanken me de henni at fernøyelseslivet ska leggas under kultur. Og viar står e de at ajll ska føl sæ heim' i parken. Og dæffer må e *ajller vårrå nå program som støyte nån, værken politisk eller religiøst eller påa nån annan måt. Apselutt nøytralt allslags program!* Såmmå kelles dæm e innstilt. Denne hi vi da prøvd å levd opp te. Dessuten så står e at parken ska vårrå eit forum ferr ajll slags *kulturverksomheit*. Det ska læggas vinn på å *videreutvikle norske kulturtradisjona*.

«Ja ha.» - «Og det kjenne du te som spællmajnn i gjennom spællmajnnslaga at vi hi hylli på det. Vi hi da vel næsten ajller haft program uten at vi hi haft enten folkeleik, folkemusikk eller slekt program.

«Ja, æ veit det. Det va på i tile tidspunkt at du gikk in ferr å få enn barneleikarring der.» «Ja, det tok ei tid, men ferr i par år sea sa va vi så heldig vi fekk ei frue i nabolaget, som ha verri me my i folkeleik. Vi håpe at ringen ska gå, og fornyas som ein barneleikarring må.»

«Du har «Berget det blå». Kajnn du ferrtæl nå om det?»

«Ja, de va også eit ledd i det å gjørra parken te enn eventyrpark. Med «Soria Moria slott». Vi bynt å form nå røter og stubba attmed fjæran, ferr å få te ein liten dekorasjon attmed ein dam som vi stilt te. Så vart æ vari at det va så my rart å sjå ti støbbom. Føssten æ fann såg nu ut som om det va ein ræv som sto og speida ikring sæ. Men så bynt æ meir målbevisst å leit ætte sånt, og det va da utruleg my æ fann ni fjæra.

Æ fann da figura frå badelive, der ein dreg skjorta over nakken. Og denne sett vi da opp i ein liten skog. Vi kalt e ferr Trollskogen. Men i ein trollskog så hørre e da heim nå som heite «*Berget det blå*» sa vi kajnn gå rett in å sjå kelles trolla hi e. Og så støypt vi eit «hus» som ein kujnn ha både jord og stein oppå, og plant tre oppå di å. Og inni der hi vi da monterte *Bukken Bruse* på vegte fjells, og troll som sett og spælle sjakk, og så får vi gløtt inni skattkammere der dæm hi gull og sølv, der *Askeladden* va inom og forsynt sæ ætte at hajnn ha hauggji haue tå dæm. Og sa hi vi denn romme der den gammel trollkajlln og kjerringa ligg og søv borti sengen.»

«Ja da, ja da, æ synes de e artig ajlt i hop.»

«Både onga og eldre e interessert i «*Berget det blå*». Pusses nok så e vi trønderan ijtt fullt så interessert som nordlendingan - det sler ijtt feil. Dæm bli fascinert av berget. De e så artig å sjå når dæm kjem ifra bila og går inni parken og trollskogen, og rett som de e så snur e ein med fotoapparat eller film, og så fer dæm og tek ømse motiv. «*Berget det blå*» e populært hos de flest.»

«Ja, du veit både med berget og denn figuran, sa er e den reine Kittelsen-stemming.» «Ja, ein ganske artig stemming. »

«Så hi du ein historisk avdeling, kajnn du fertæl oss noko om den?»

«Ja, litegrand om vegstellet fram gjennom tie. Vi hi stelt te en del plan-sja og tegninga som vise det, og så hi vi ein go del kjørty da, bade vogna og vinterkjørty. Og det e interessant. Vi som e litte oppi årom, vi kjem nu i haug ka ein jigg og karjol og i trill såg ut, men ijtt ongdøm man som veks opp nu. Eller denne e *spiss-slea* og denne e *breislea*.

Og så hi vi den avdelingen med planta og tre som e brukt i folkemedisinen. Det e ganske lærerikt, og det er e mang som stoppe ved. Opplysningan hi æ ferr det meste henta uttu ei bok som Reichborn Kjennerud hi skrevi: «Folkemedisinske vekster». Bl. a. ei svensk bok om folkemedisin. Men de enu om å hold e reint ferr ugras og, veit du. Sa vi kajnn itj ha ferr my hell. Ja, så hi vi ein modell borti historisk avdeling, som heite tjæramil, om tjæra- eller tjurru-brenning. Det va'n Gustav Vera som hjølpt mæ med di. Vi hi stelt te'n modell og i tversnitt som vise oppbygginga. Og så hi vi sett opp ei smi, og allerede bynt å brukt å, fått hit ein smed som står og smie og vise gammelt smi-handverk.»

«Og så ha du tevling imillom karra som handslo fjellslått, og som stakka høy, og rakstera.»

«Ja da, det ha vi i fleir år - tevling i millom vest-Jamtland og Verdala. Og det vist nu kelles det foregikk da dæm slo fjellmyran og fekk ti gras der. Raksteran breidd, og karran kom og slo ihop kjæmman og bar e og stakka e. Det va i fint program.»

«Ja, det må æ sei. Det va verkeleg fint.»

«Men det vart vær' og vær' å få ti folk som kujnn vârrå med på de denne. Ferr det bynt å tynnâs ut med dâm som kujnn, særleg stakkinga. Sa i fjol va e nu sist âre vi ha denn programme da, så i âr bynt vi med *seterlivet*. Som kulturhistorisk innslag i festivalen da.»

«Ja, det va interessant det.» «Vi bôgd opp en seter, veit du, i sommâr.»

«Ja, æ tok da opp enn film óg tå denni i sâmmâr, som du ska nu få sjå.»

«Ja, det ska bli artig t å sjå. Det skjull ha verri ti meir film. Det bli ennu litte meir fullstendig te sâmmarå denn programme. Vi ska ta igjen e kvart âr framover. *Flottarda'n te seters og heimflottinga*. Når dâm kjâm med kløyvhestom og kløyvsalom, og så kjâm setertausa i spissen ferr krøttersom, jeittrom og kjym og aill dem som e med.»

Ja, denne samtalen med Sverre Vestvik er så autentisk som det går å få til. Så å seie: Ord til anna! Eg tok han opp på lydbând. Og frå lydbândet setning for setning til skrivemaskina. Sermerkt for forteljemåten hans.

Mellom mangt anna var han også ein *ordkunstnar*. Han skreiv gode viser og song sjølv. Og utruleg musikalsk. For lite kjent er arbeidet hans med å få i gang eit musikkorps for på Røstad skole for evneveike. Men han oppdaga sergivnad der. Og med seigt slit og idealisme, laga han eit korps som han fór til *London* med.

Tolv år etter starten, drog han til *Torshov skole* i *Oslo* og fekk dei til å starte eit korps også der. Og da korpset nyleg tok tur tile *Wien*, og kom i fjernsynet, var opphavet gløymt, og det vart skrive at det var ein verdenssensasjon.

Da Fekk eg brev frå kona hans Sverre. Ho tykte at det var sârt at det store arbeidet hans vart glømt. Eg skreiv da til *Programbladet* og opplyste kven som var banebrytaren i dette høvet, og bad om like god plass for mitt innlegg pluss eit kort av *Røstad-korpset* som eg sende med. Typisk for mentaliteten i *Oslo*: Biletet kom ikkje inn! Melt eg ga meg ikkje med Det! *Likevel*: biletet kom ikkje inn. «Oslo» er seg sjølv lik!

Livskunstnarn.

Helge Willan
Helge Dillan.

Nei , kan du sjå at star-rin hi kom-mi ferr i år? Han
sett og brø-ste sæ på stug-gu-ta-ke-t. De må du vår-rå ~~ix~~
ti-le, ferr de e slett ijtt vår. Han frys da og, ja sjer du
kerr han ska-ke. D'e un-der-le at han som kan få bu i sy-dens
land, og span-ku-ler som mel-jo-nær ved mid-del-na-vets
strand, ska tull sæ hit så ti-le mens de e snø og frost, og
gå og frys og låv-vå på ein smal og ma-ger kost.

Livskunstnarn

Nei, kan du sjå starrin hi kommi ferr i år?
Han sett og brøste sæ på stuggutaket.
De må da vårrå tile, ferr de e slett itj vår.
Han frys da og, ja sjer du kerre han skake.
D'e underle at han som kan få bu i sydens land,
og spankuler som meljonær ved Middelhavets strand,
ska tull sæ hit så tile mens det e snø og frost,
og gå og frys og låvvå på en smal og mager kost.

Men som æ står og ønske det stakkars lille kre,
så blistre han ein liten serenade.
Han song te vårens pris og han fertæl mæ det,
at snø på markja e da ingen skade.
Og attme stugguveggen, ja der kike det alt opp
så fullt tå grøne spretta, og trea står i knopp.
«Du må da sjå at sola så høgt på hemla står.
Nei, rett opp nakken gut og song, du kjenne vel d'e vår.»

Ja, starrin min, du e da den fødde optimist,
æ bli så gla kvar gong å sjer igjen dæ.
Og æ må sei velkommen og mange takk ferr sist,
æ håpe du som før vil trivas hos mæ.
D'e itjtt sa rart med gjesterom, ja sjå det veit du nu,
eit lite rom bak vindskien der du bruke bu.
Men som du sei de itjtt stasen ålein som skape gle,
men vel så my den lune varmen som vi sjøl kan spre.

Og starrin hi den kosleast heimen du kan finn.
Æ høre dæm om kveilln når æ hi lagt mæ.
Da pludre dæm og kveskre tjett utferr veggja min,
det løkkeleast pare ein kan tenkj sæ.
Og når det li på sammårn, ja, og ongan krev sin plass,
dæm kvitre like muntert i dagens strev og mas.
I enkelheit dæm skape den fred og harmoni,
som mange ajnner fåfengt prøve nå i all si tid.

Sverre Vestvik